



Frå oppvarminga leia av Julie Skeie Olsen laurdag føremiddag.

Rundt halvvegs i øvingsseminaret som skulemusikken har i helga, kunne dirigent Tor Skeie Olsen slå fast at det var vellukka. Han kunne fornøgd fortelja at musikantane jobba godt, og meir og meir av musikken kom på plass. Dirigenten sjølv står for instruksjonen saman med den faste visedirigenten Julie Skeie Olsen.

Då eg var innom seminaret midt på dagen i dag, hadde dei delt dei knapt 20 muskarane i to grupper. Dei yngste som kom inn i korpset i haust, hadde stemmøving med Julie, medan Tor styrte resten av gjengen. Begge stader var det effektiv og god jobbing, og det som kom ut av instrumenta høyrdest svært bra ut.

Eg la merke til at det ikkje var julemusikk dei øvde på, og då anledningen baud seg, spurde eg dirigenten om det var juleprogrammet dei øvde på på seminaret.

- I går øvde vi på det, men i dag øver vi på andre nummer, kunne Tor fortelja. Det er tydeleg at korpset er i positiv utvikling, og slike seminar har god effekt i så måte.

Seminaret starta fredag kveld. Då var det ei god øvingsøkt, og i tillegg sytte foreldre for at det vart servert kveldsmat. I dag fekk dei servert hamburgar til middag, og elles var det mellom anna frukt i pausane mellom øvingsøktene.

I morgon startar dei med øving på føremiddagen. Etter at dei har fått middag, vert det ein god pause før dei skal ha ei konsertavdeling på basararrangementet som er i Aktivitetshuset frå kl.16 og utover. Vi gleder oss til å høyra korpset då!



Den positive og humørfylte gjengen kosar seg med kveldsmaten fredag.

Tekst og nett: Thor Inge Døsland

Foto: Tor Skeie Olsen